



STYRETS BERETNING FOR ÅRSMØTEPERIODEN 2022

VEDLEGG 1


Styret har bestått av:

leiar.	Berner Midthjell,	Vestland
Nestleiar/sekretær.	Roy Kato Lorentsen,	Nordland
(Etter årsmøte)	Terje Finsås	Viken
Kasserer,	Tore Foss,	Viken
(Fra desember)	Randi Birkeland	Vestland
Styremedlem	Haldor Tryggestad,	Viken
Vara,	Olav Lien	Trøndelag

Det er i 2022 halde 4 styremøte, og behandla 34 saker. Styret har i tillegg kommunisert på mail og telefon ved behov. Styret vart invitert til Orkdal av tidlegare styremedlem Ola Gumdal der vi hadde lagt inn besøk i Thampspaviljongen, og eit besøk på Løkken gruver.



Mesta as har flytta frå Lysaker til Skøyen, og desembermøte vart derfor lagt dit. Mesta pensjonistforening vil takke for det gode samarbeidet vi har med ledelsen i Mesta as.



Årsmøte vart halde på vegmuseet på Øyer.



Roy Kato Lorentsen hadde sagt frå seg gjenvall, og fekk blomster og takk for innsatsen i styret. Terje Finsås vart vald som ny sekretær.

Av diverse årsaker vart ikkje valget komplett, og styret fekk fullmakt av årsmøte til å velje ny kasserer etter Tore Foss som ønska å tre tilbake. Randi Birkeland vart valgt til ny kasserer i desember, og vil overta vervet frå Januar2023. Ingar Eira er valt som medlem i valkomiteen. Dermed kom vi i mål med oppdraget som årsmøte gav styret.

Pensjonistlaget sin tur til Budapest måtte dessverre avlysast dette året. Vi prøver med ny tur i 2023 og håper mange vil melde seg på og bli med.

Mesta pensjonistforening er kollektivt tilslutta Pensjonistforbundet. Mesta pensjonistforening har ikkje eigen kontingent, men krev inn den til kvar tid gjeldande kontingent til Pensjonistforbundet.



Styret jobbar for at Mesta pensjonistane vil ha sitt medlemskap i Pensjonist forbundet gjennom å være medlem i Mesta pensjonist forening. Hvis man vil engasjere seg også lokalt, betaler man berre den lokale kontingenten i tillegg. Det vil være ein vinn vinn situasjon for både den enkelte medlem, og for Mesta pensjonistforening.

Leiar i Mesta pensjonistforening er varamedlem til landsstyret i Pensjonistforbundet.

Mesta pensjonistforening støttar etter søknad lokale tiltak økonomisk, og nokon frå styret vil prøve å stille opp der det er ynskje om det. I 2022 fikk pensjonistane i Trondheim støtte til tur.

Styret jobbar aktivt for å verve nye medlemmer og jobbar med å opprette møteplassar der medlemmar kan møtast med mål om felles hygge og sosialt samvær. Styret satte i gang ein vervekampanje med flaxlodd som premie, men hittil har berre 1. fått slik premie. Styret oppfordrar fleire til å verve nye medlemmar og kanskje bli millionær på flaxlodd.



Alle som blir pensjonistar i Mesta as får med seg informasjon og tilbod om å bli medlem. Styret har i tillegg sendt invitasjon til mange pensjonistar med tilbod om medlemskap. Du finn informasjon om dette på heimesida til Mestapensjonist.no.



Ved utgangen av 2022 hadde Mesta pensjonistforening 195 medlemmer. Her er 1 av dei!



Styret takker alle som har bidratt med å gjere det til ein hyggeleg oppleving å vere medlem i Mesta pensjonistforening, og at man får gode opplevingar i det nye året.

Mange har stort behov og glede av å kunne delta meir på sosiale arenaer. Håper 2023 kan bli eit slikt år der mange kan nyte det gode liv.

Helsing styret i Mesta pensjonistforening:

Berner Midthjell, Terje Finsås, Haldor Tryggestad, Tore Foss/Randi Birkeland og Olav Lien.